



SKJÅK KOMMUNE

Vilt og fisk møte nr 2-24 5. mars kl 18:00

Møtt	Faste representantar	Møtt	Vara (i prioritert rekkefølge):
X	Øystein Breie, leiar		Morten Brekkum
X	Per Olav Haugen		Cesilie Aaboen Dagsgard
X	Marianne Stensgård		Per Dagsgard
X	Pål Eiesar		Liv Oddrun Maurstad
X	Tor Erik Myhren		Randi Rust

Sekretær: Tor Taraldsrud, tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

2. Forvaltningsplan for hjortevilt – 2024-2026

[Høyringsutkast](#) har vore presentert på nettsida til Skjåk kommune med høyringsfrist 1. mars. Det kom inn fleire gode innspel. Utvalet har gått igjennom innspela og teke med oss signala. Utvalet har kommentert ein del av innspela og justert høyringsutkastet.

Det kom inn eit brev om hjorteviltforvaltninga i Skjåk og tre høyringsinnspel til forvaltningsplanen.

1. Brev om hjorteviltforvaltninga i Skjåk frå Hans Gjerdet, Svein Erling Tundrali, Morten Sygard, Rune Plassen, Tor Håvard Rustad og Per Øyvind Ørjasæter. Dette brevet var adressert til kommunestyret og er med som referatsak der. Utval for vilt og fisk har fått brevet til orientering. I brevet er det poengtert økonomiske konsekvensar av viltbeiteskader. Utvalet har teke i mot dette signalet.
2. Høyringsinnspel frå Svein Erling Tundrali. Legg vekt på at hjorteviltstammene må bli redusert betrakteleg.
3. Høyringsinnspel frå Kari og Per Øyvind Ørjasæter. Peker på fleire faktorar som tyder på at hjorteviltstammene er for store. Poengterer at det må bli teke ut mykje elg og hjort for å få ei livskraftig stamme.
4. Høyringsinnspel frå Skjåk Bondelag og Skjåk Bonde- og Småbrukarlag: I tillegg til avlingstap er det ekstra kostnader til gjerding. Innspelet har fleire spørsmål som vi har forsøkt å kommentere under:

Kapittel 2, punkt 3: «Skader på åker og eng skal haldast på eit akseptabelt nivå». Kva er eit akseptabelt nivå? Og kva slags nivå skal målast? Er det antal dyr på «beiting», eller er det avlingstap per dekar?

Vi har ikkje noko eksakt mål på dette. Det er stor variasjon mellom austlege og vestlege delar av bygda. Bestandsmåla skissert i forvaltningsplanen er på bakgrunn av mellom anna kap 2, punkt 3.

Kapittel 2, punkt 5: «Hjorteviltstammene skal under normale forhold utgjere ein viktig økonomisk ressurs for grunneigarane». Korleis skal stammene utgjere ein viktig økonomisk ressurs for grunneigarane som driv med jordbruk?

For nokon fører hjorteviltstammene til større tap enn inntekt. For mange grunneigarar som har ein del teljande areal, utgjer hjorteviltstammene ein økonomisk ressurs.

Kapittel 2, punkt 6: «Det skal arbeidast aktivt for å redusere talet av viltpåkøyrslar». Korleis vil de arbeide aktivt for å unngå det utan å redusere stammene?

Tre tiltak som har dokumentert effekt på viltpåkøyrslar: Siktrydding, føring, skilting. Skjåk kommune leverer presise data om kva område det er størst risiko for påkøyrslar. Da har vegmynde moglegheit til å iverksette tiltak. Stammestorleik vil også ha effekt på talet på viltpåkøyrslar.

Vi les i planen at uttaket på hjort er auka, mens uttaket på elg er redusert. Det visast til låg produktivitet, som resulterer i behov for høg vinterstamme. Vil ikkje det gjere saken verre? Større stamme om vinteren, og fleire til å kjempe om den maten som er? Vi oppmodar til å auke uttaket av hjort enda meir, og auke uttaket av elg.

Det er delvis rett. Men bestandsmålet (årleg fødte kalvar) er redusert iht tidlegare forvaltningsplan. Estimert vinterstamme er ein konsekvens av kor mange kalvefødsler ein ynskjer og kor mange vaksne dyr ein da treng. Utrekninga i forvaltningsplanen baserer seg på snittet for dei siste fem åra. Det blir lagt opp til å redusere okseandelen i elgstamma. Om sett ku/ukse blir endra frå 1,2 til 1,8 vil vinterstamma bli 232–293 elgar i staden for 273-345. Sjå i tabellen under der talet på uksar blir redusert.

I tillegg er det håp om at produktiviteten (kalv pr ku) vil auke når stamma blir redusert og beite kanskje blir betre. I så fall kan vinterstamma bli ytterlegare redusert samstundes som ein klarer å produsere like mange kalvar.

Sett ku pr. okse	1,2	1,2	1,8	1,8
Sett kalv pr. ku	0,51	0,51	0,51	0,51
Sum felte elg = antall fødte kalver = bestandsmål	45	65	45	65
Fallvilt (irregulær avgang elg) kalenderår (1.1 til 31.12)	31	31	31	31
Sum avgang = antall kalver før jakt for stabil bestand	76	96	76	96
Vinterstamme ku	149	188	149	188
Vinterstamme okse	124	157	83	105
Vinterstamme for stabil bestand = bestand etter jakt og fallvilt	273	345	232	293

Kapittel 4, siste avsnitt under Elg: «Samstundes må ein akseptere noko elg på innmark i desse områda på våren/tidleg sommar». Kva er noko elg? Og kva skal ein akseptere? Det er da grunnlaget blir lagt, ettersom fyrsteslåtten gjev majoriteten av foret i eit år.

Vi har ikkje talfesta dette utover at vedtekne bestandsmål også er ein konsekvens av mengda elg på innmark.

Behandling:

Samrøystes.

Vedtak:

Justert forvaltningsplan er vedteke.

Heimel: Hjorteviltforskrifta § 3